

Vikedal Elveigarlag v/Bjørn Ove Helgesen

Areal og forvaltning

Saksh: Signe Theilmann Jensen

Tlf: 53 65 61 32

Dato : 11.07.2019

Vår ref: 19/16673

Dykkar ref:

Arkiv:

Svar på brev om forureining av Vikedalselva

Me viser til innkomen brev frå Vikedal Elveigarlag 04.07.19. I brevet har dykk informert om at elva i juni og juli 2019 har vore forureina av jord og leire grunna skogshost på Eikeland i Vikedal. Det blir gjeve uttrykk for at dykk er bekymra for kort- og langtidseffektane av forureininga for aure og laks i elva. Dykk etterlyser også strakstiltak og framtidige tiltak frå Vindafjord Kommune.

Etter kommunen fekk melding om forureining, drog vi ut på synfaring i området 04.07.19. Det vart oppdaga at bekken, som dykk nemner, er forureina og at det kjem frå skogsdrifta ved Eikeland. Vegane for skogsmaskiner har kryssa bekkene i området. Bekkane har så drege med seg jord og leire som har kome ut i vassdraga.

Kommunen tok kontakt med AT skog SA (tidlegare Vestskog) som er ansvarleg for skogsdrifta i området og har vore i dialog med selskapet. Kommunen har lagt til grunn at det må settas i verk tiltak som reduserer avrenninga til bekkene i området. Det er ferieavvikling i drifta i veke 28 og 29, og entreprenøren (Søndena skogsdrift AS) har forsikra kommunen om at det ikkje skal vera fare for avrenning når arbeidet er stansa. Kommunen har informert dei om at dersom avrenninga skulle fortsette eller ta seg opp i desse vekene, må dei ta høgde for situasjonen og vurdere eventuelle avbøtande tiltak som kan gjennomførast.

Kommunen var igjen ute på synfaring 09.07.19. Det var tørrver og vatnet i bekken var klart. Elva ser også rein ut på stillbilde til Elveigarlaget. Det kan i midlertidig sjå ut til at noko av jord og leirmassane har blitt liggande igjen i og langs bekkene som renn ut i Vikedalselva like nedanfor Øvre Ospevoll.

AT Skog SA planlegger å starta opp igjen i området 22.07.19, dersom tilhøva tilseier det. Dei erkjenner at tiltaka som dei hadde planlagt ikkje fungerer i terrenget i området. Før utkøyring av virke skal dei vurderer om forholda for dette er forsvarleg og sikra at naudsynte tiltak er sett i verk.

Kommunen vil fortsette og følge opp saka forut for at dei startar opp igjen i området. Samt ha ein ny synfaring når dei har starta opp igjen. Etter sumarferien vil kommunen også sjå på korleis ein kan forhindre at framtidig skogsdrift i Vikedal fører til for mykje avrenning til vassdraga i området.

Med helsing

Erle Mæland Aasheim
Einingsleiar

Signe Theilmann Jensen
Rådgjevar landbruk

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Postadr:
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Sentralbord:
53 65 65 65

Organisasjonsopplysn:
Org.nr: 988 893 226
Bankgiro: 3240.10.04172

Nettadresser:
www.vindafjord.kommune.no
Epost:postmottak@vindafjord.kommune.no

